

## **KLEPPE**

Høgdemeter: Ca 400 moh.

Lengd: ca. 1,5 km

Tid: ca. 45 min-1 time ein veg.

Gradering: Middels (eit par svært bratte partier)

**Turskildring:** Køyr riksveg 7 frå Eide til Folkedal. Køyr innover dalen langs elva, ca. 1,3 km. Ta opp til høgre, Smidjeaugen. Parker i nærleiken av raudt hus, nr 51. Følg så traktorveg oppover/ innover til Dalatunshagen og Bårhaug (beite til Dalatun også Smidjeaugen) og så oppover att i ca 1,5 km. Denne skogsvegen er særst bratt! Halvvegs opp passerer du Vedaskårsbekken.

Der det er slutt på traktorvegen, skal du opp ei lita kneik og så er du framme ved murane på KLEPPE.

Kassa heng inni den første muren / tomta.

**Turtips 1:** Den gamle stølsvegen til Kleppe kan du og gå i staden for skogsvegen. Denne er rydda og merka med raud maling. Stien startar rett før grinda.

**Turtips 2:** Gå vidare til Kovaleet på merka løype og evt. rundt om Mikkjelstøl i tillegg, sjå egne turskildringar!

**GOD TUR!**